

Ein hån mot Arne Garborg



KRONIKK

ROLF ERIK SOLHEIM,
FRITENKJAR EMERITUS
ARVIKA I SVERIGE
ROLF@FRAMTIDEN-ER-DIN.COM

For ei tid sidan vart Garborg-boka «Med lykti i hand», (på Efrems kristne forlag) omnemnd som ei god bok i Jærbladet, og fleire av dei nylege Garborgdagane handla om den. Det er mange interessante bidrag her, men boka fortener mykje meir merksemd av heilt andre grunnar. Fordi første delen «Garborg på leiting» ser ut som eit reint kristendomsprosjekt.

Myten om Garborg på evig leiting

Eskil Skjeldal ved Menighetsfakultetet er ein av redaktørane. Då er det naturleg at hovudfokus har vore å saumfara gudstrua og teologien til Garborg. Og det er jo flott, for lite er skrivi og sagt om korleis Garborg kjempa seg fram til eit konkluderande livs- og samfunnsyn dei siste 20 åra. I Garborgåret 2001 var det einaste tilstelling av ca 450 som handla om verdi- og livssynet hans, trass i at verdisynet er det absolutt viktigaste for å forstå kvifor eit menneske handlar, skriv og talar som det gjer.

Det kan mest sjå ut som redaktørane til «Med lykti i hand» har gitt dei 15 forfatarane beskjed om å halda seg unna det som var viktigast for han dei siste 20 åra. Det gjeld å halda mannen ved liv «på evig leiting», for om ein skulle finna at han kom fram til ein konklusjon, ville det meste av det som står i første del av boka falle platt til marka.

Om Garborg vaks forbi dei religions-filosofiske diskursane som boka er full av, ville diskusjonen stoppa. Difor passar det redaktørane best å ha ein vinglande tru-og-tvil-person som kan gje stoff til aldri så mange vinklingar på hans ateisme, kristendom, teosofi, spiritisme eller kva det nå var.

Den einaste som kjem inn på at Garborg nådde fram til eit kombinert livs- og samfunnsyn dei siste leveåra, er Tor Obrestad. Han knyter opp Georgismen med Jesus-Messias-prosessen og hevdar at Garborg «mot slutten av livet fann eit livssyn han kunne kvile på». Dette passar redaktørane så ille at dei set Obrestad på plass i innleiinga til boka med at dette er «på tvers av andre Garborg-forskarar sine synspunkt».

Om eg var Tor Obrestad og viste kva første del av boka skulle handla om, ville eg ha trekt meg frå dette prosjektet.

Ein hån mot både Arne og Hulda

Sjølve tittelen på boka inneheld ei dobbel mistyding av Garborg. For det første: Denne «lykti» står

ikkje i noko han sjølv har skrivi. Den er tatt ut av presten Ivar Mortensson-Egnunds dikt-tale ved gravferda i 1924:

Då ser eg ein mann som med lykti i hand gjeng leitar og leitar på strand. Um eitkvart han finn, han leitar på nytt.

Det var Egnund som ordna det slik at det vart statskyrkjeleg gravferd, og det vart mange byråkratiske krumspring for å få til ein kyrkjereferanse. Garborg var jo utmeld or statskyrkja. Hulda og Tuften protesterte. Hulda skriv i dagboka:

«Tuften og eg vart mållause - Hadde Ivar so lite greie på Garborg? Hadde ikkje eingong han lese bøkene hans dei siste 10 - 20 åri ... Men no hadde Ivar budd seg på kyrkjeleg preike, ornat, salmar osv. Det hadde vore som ei stille høgtidsfull kyrkje i huset vårt dei dagane som var gått sidan

Garborg slokna; no braut det inn noko vondt som eg ikkje greidde. Ei uhygge som slog Tuften og meg ned. Heile dette oppstyret vart for oss til eit hån mot hans minne som berre so inderleg bad um kvile og fred».

Hulda melde seg ut av statskyrkja 14 dagar seinare.

For det andre: Tittelen «Med lykti i hand» set tonen for heile boka der det gjeld at Garborg ikkje kjem fram til noka endeleg løysing, sanning eller fred med seg sjølv. Gravtalen til Egnund med Garborg «på evig leiting» er utgangspunktet i innleiinga til boka. Og når talen sluttar med fylgjande: «Krossen skin som den stille stjerne, den kann me fylgje so trygt og gjerne», så er dette eit hån mot Garborg og alt han stod for.

Slik blir også mykje i første delen av boka «Med lykti i hand» ein hån mot Garborg. Men også mot Hulda når Gudleiv Bø hevdar at ho under redigeringa av Garborgs dagbøker har manipulert innhaldet for å gjera han mindre kristen enn han egentlig var. Dette er konspirasjon på høgt nivå.

Sviket, som Egnund står for ved å ta innersvingen på besteve-

nen etter hans død, er det mest ikkje ord for.

Dei burtkomne teologane

For meir enn hundre år sidan skrivi Garborg boka Jesus Messias, og teologane kasta seg over ho for å riva henne i fillebitar. I boka «Med lykti i hand» tek nå to teologar (Eskil Skjeldal og Arnfinn Haram) på nytt opp tråden og skal finna ut kor Garborg stod teologisk. Spørsmålet er då det same som for hundre år sidan: Er det dei teologiske brillene som

han skrivi etterpå var prega av denne «omvendinga til livet».

Frå tidlegare religiøst grubleri og ateisme kjem programerklæringa formulert i Troen på Livet, og straks etterpå den store eksplosjonen Haugtussa. Her kastar han seg ut i fritt løp og - gjenlever han at alt i naturen har liv. Den burtkomne Faderen og Jesus Messias set eit slags punktum for denne prosessen, som konkluderer med eit livssyn som korkje er ateisme eller kristendom, men

som meir er i slekt med grunntankane hos Leo Tolstoy og Mahatma Gandhi. Han formulerer seg slik i dagboka 23.2.1907:

«I «Den burtkomne Faderen» og «Jesus Messias» har eg gjort det eg kunne til å jamne Veg for Folk av mitt Slag, jamne Veg, så dei kann finne fortare, og dermed vel lenger fram enn eg kunne vinne. Eg skjønner meir og meir, at eg her har gjort det eg kunne gjera; og då min Veg låg her, så må eg og tru at eg har gjort det eg skulle gjera ... eg er glad for at eg fekk leva

so lenge at eg kom så vidt «til Ro»; fekk sjå utover Tilværet mitt i Samanheng. Som Livet var lagt til Rettet for meg, så var det dette religiøse eg fyrst og fremst måtte klara».

Her peikar han ut vegen vidare for andre søkjarar som var som han. Han kallar dei «folk av mitt slag». Og med dette var han ferdig med å leita etter meininga med sitt liv. Han er ikkje lenger ein religiøs søkjar. Når Skjeldal hevdar at Garborgs religiøse søking «spriker i alle retningar og lar seg kanskje aldri begripe», kan ein undrast om han i det heile tatt har opna dagbøkene.

Hulda skriv nemleg i innleiinga til desse: Mest harma det honom, at Den burtkomne Faderen av mange vart teki for ei teologisk oppbyggingsbok. «Garborg har nu opgit kunsten og slåt sig på gudfrygtighed og oppbyggelseslitteratur». Tittelen var deim nok. Og han som meinte, at han her hadde tala så tydeleg og klårt og ærleg om sitt syn på kyrkja og teologien, at det skulde vera rådløst for nokon å mistyde han.

Lenger har altså ikkje teologane komme med Garborg på hundre år.

Livsfilosof, sosialøkonom og verdsborgar

I forskinga på Garborgs livssyn har ein sett dette som eit religiøst prosjekt. Men i lys av konklusjonen i Jesus Messias og mange artiklar han skrivi seinare, ligg det nærare å kalla «omvendinga» hans, for ei spirituell oppvakning. Livet er for Garborg i seg sjølv så kolossalt, så overveldande, storslått og mystisk, at det utan teologi, prest eller kyrkje kan vera vegleiar til Gud, eit omgrep som altså ikkje let seg teologiseras. Dette perspektivet er belyst i boka Livet - og andre forunderlege ting, der livstrua hans er sett i bås med Leo Tolstoy, Albert Schweitzer og Henrik Wergeland.

Dei siste 20 åra kjem han i dagbøkene (ca 200 sider til saman) gong på gong tilbake til konklusjonen på sitt Jesus-Messias-prosjekt. Dette har teologane, og på sett og vis fleire andre forfatarar, oversett. Som riksrevisor på Stortinget frå 1879 til 87, hadde han fått innsikt i heile det norske økonomiske og politiske systemet og lagt grunnlaget for sitt sosiale samvit og si granskarevne. Denne fekk han bruk for 20 år seinare då han skrivi revisjonsrapporten på Nytestamentet: Jesus Messias.


Han oppdaga på same tida den amerikanske sosialøkonomen Henry George og utvida Jesus-Messias-prosjektet til eit samfunnsprosjekt. Han sette i 1908 punktum for sin skjønnlitteratur med Heimkomin Son, der han knyter desse to prosjekta saman. Hulda skriv om tida etter 1905:

Radikal og eldhuga som ein ungdom, utrøytande, trassig og seig heldt han på med å 'hamre inn i folk', at det einaste som etter hans meining no kunde berge Noreg, ja heile verda, var at jorda, liksom luft og vatn, vart fri for alle, etter Henry George's grunntanke.

Om Skjeldal og Haram hadde tatt av seg sine teologiske brillar, ville dei ha oppdaga eit livs- og samfunnsyn som går rett i strupen på dei problem den globale økonomien i dag har fanga verda i. Det går teologane hus forbi at Garborg dei siste 20 åra skaffa seg ein kombinasjon av spirituell, etisk, økonomisk og økologisk (ordet fanst ikkje den gongen) innsikt, ein innsikt som verda i dag ropar etter og som kan hindre det samanbrot som avteiknar seg på horisonten.

I omtalen av «Med lykti i hand» står det at bodskapen til vår tid er: «Ingen sanning er sjølvsgode lenger; vi må difor som Garborg, tenkje sjølve». Er det mogeleg å vere meir banal, meningslaus og irrelevant enn dette?

Økosofen og verdsborgaren Arne Garborg er altså mykje større enn denne boka, og dei fleste litteratar og teologar, ennå har oppdaga.



EFREM FORLAG